

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Førde sentralsjukehus

MØTETIDSPUNKT: 01.09. 2021, KL. 0830 - 1500

.....
Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Ingeborg Morken	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande
direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Erik M. Hansen, direktør for e-helse
Haakon Totland, Internrevisor
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det fellesmøte med styret i Helse Førde HF med følgjande agenda:

Velkomst og innleiing

Innleiing til omvising i nybygg Psykisk helsevern – Dagabygget.

Omvising og orientering om tenester i Dagabygget

- Førde BUP
- Lokal Tryggleikspost
- Akutt døgn
- Psykosepost

Forsking i Helse Førde

Orientering om strategiske forskingssatsingar og aktuelle prosjekt

Sak 062/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orientere om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet
- AD si orientering pkt. 1 – Rapportering tilsynssaker
- Oppdatert årsplan for 2021

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 063/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 16.06. 2021

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 16.06.2021.

Sak 064/21 Administrerande direktør si orientering

- **Rapportering tilsynssaker**
Administrasjonen viste til utsendt notat. Nasjonal tilsynssak i alle 4 RHF knytt til luftambulanse vil bli omtala i neste tilsynsrapport.
- **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- **Oversikt over aktuelle høyringar**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- **Regionale planar under arbeid**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- **Koronaviruset – status i Helse Vest**

Spesialisthelsetenesta har framleis godt oversyn med og god kontroll med dei fem avgjerande faktorane som set tenestene i stand til å yte forsvarleg helsehjelp både til normal drift, og til korona-sjuka: personell, smittevernutstyr, test/analyse, medikament og medisinsk teknisk utstyr (respiratorar). Dei aller fleste tilsette er vaksinert minst ein gong, og del fullvaksinerte er raskt aukande. Tilsvarende er det for pasientar i risikogruppene.

Med jamleg aukande vaksinasjonsgrad er risikoen for populasjonen i helseregionen avtakande. Regjeringa tek gradvis ned smittevern tiltak, noko som har medført at smitten spreie seg i dei uvaksinerte gruppene. Det er også slik at eit fåtal pasientar som er fullvaksinerte kan bli smitta, som oftast individ med eit svekka immunsystem. I tillegg har framveksten av mutert virus som er langt meir smittsame ført til aukande smitte. Likevel gjev vaksinane god beskyttelse mot alvorleg sjukdom og død, slik at tal innleggingar i sjukehusa er langt mindre enn tal smitta skulle indikere.

Situasjonen er med andre ord under kontroll sett ut frå spesialisthelsetenesta sin ståstad.

- **Helseføretaka sitt finansieringsansvar for legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon**

I 2018 blei det sett i verk ei rekke endringar i reglane for finansiering av legemiddel i Norge. Tidlegare fekk fleire pasientar stønad til pasientadministrert legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon frå folketrygda. Bruk utanfor godkjend indikasjon omfattar bruk av legemiddel til ein annan tilstand enn den/dei som står i den godkjende preparatomtalen, og bruk av medikament som ikkje er marknadsførte i Norge. Etter regelendringane er det helseføretaka som har finansieringsansvaret for all legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon som blir starta opp i spesialisthelsetenesta. I 2020 kom det fram at ein del helseføretak og sjukehuslegar ikkje har oppfatta konsekvensane av desse regelendringane. Dette har ført til at enkelte pasientar sjølv har betalt for legemiddel på resept som dei har krav på å få dekte av helseføretaket.

Alle dei fire sjukehusføretaka i Helse Vest har jobba med å spore opp pasientar som kan ha betalt for legemiddelbehandling utanfor godkjend indikasjon. Dette har vore eit krevjande og manuelt arbeid for helseføretaka. Alle føretaka har no identifisert aktuelle pasientar. Per juli 2021 ser dette ut til å gjelde omlag 800 pasientar totalt sett i Helse Vest. Desse pasientane får brev frå føretaka med informasjon om korleis dei skal gå fram for å få refundert eventuelle utgifter som dei urettmessig kan ha blitt påførte. Arbeidet med oppfølging av denne saka vil fortsette utover hausten 2021.

Det finst inga elektronisk oppgjørsordning for legemiddel på resept som helseføretaka skal finansiere, men som ikkje kjem inn under H-reseptordninga. Helseføretaka i Helse Vest arbeider difor for å innføre mellombelse, til dels manuelle rutinar for å sikre at

pasientar i regionen ikkje må leggje ut for denne typen legemiddelbehandling når dei hentar ut nye reseptar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 065/21 Rapportering frå verksemda per juli 2021

Oppsummering

Målekort Helse Vest - Juli 2021		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse	Hittil i år		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	51	50		63	50	
	Ventetid - VOP	45	37	40		38	40	
	Ventetid - BUP	40	50	35		45	35	
	Ventetid - TSB	35	28	30		28	30	
Andel kontakter passert planlagt tid		9,90 %						
Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer		79 %				77 %		
Korridorpasienter somatikk		1,50 %		0		0		
Aktivitet:			Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold	12 401	11 909	4,1 %		92 814	87 196	6,4 %
	Dagopphold	3 011	2 850	5,6 %		37 119	32 299	14,9 %
	Poliklinikk	72 442	70 714	2,4 %		765 667	660 709	15,9 %
Psykiatri	Døgnopphold	756	875	-13,6 %		5 808	5 851	-0,7 %
	Dagopphold	79	106	-25,5 %		510	574	-11,1 %
	Poliklinikk	20 035	20 816	-3,8 %		280 986	259 400	8,3 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)	117	117	0,0 %		880	913	-3,6 %
	Dagopphold	1	5	-80,0 %		11	21	-47,6 %
	Poliklinikk	6 428	7 930	-18,9 %		57 641	65 090	-11,4 %
Bemanning	Brutto månedsverk	25 572	24 698	3,5 %		23 917	23 228	3,0 %
	Sykefravær (forrige måned)	5,5 %	6,6 %	7,1 %		7,5 %	7,6 %	
Økonomi	Regnskap		Budsjett	Avvik		Regnskap	Budsjett	Avvik
	Resultat	40 991	25 374	15 617		520 770	430 252	90 518

Dei helsefaglege indikatorar, særleg innanfor somatikk, er framleis prega av Covid-19.

Samanlikna mot same tid i fjor er den samla aktiviteten innanfor somatikk høgare i år enn i fjor per juli. Auken i døgnopphald er på 4,1 % og dagopphald på 5,6 %. Polikliniske konsultasjonar er 2,4 % høgare enn same tid i fjor.

Innafor psykisk helsevern vaksne er aktiviteten lågare enn same periode i fjor. Innanfor barn og unge som i all hovudsak er poliklinisk, er aktiviteten høgare enn same periode i 2020 og 2019.

Den polikliniske aktiviteten innanfor TSB er lågare enn same periode i fjor. Det same gjeldar for tal ISF-konsultasjonar samanlikna med same periode i 2019 og 2020. Tal dagopphald er høgare enn same periode i 2019.

Ventetider for somatikk (behandla) var i juli på 51 dagar, noko som heng saman med sommerferieavviklingen og prioritering som følge av det. Ventetider innan psykisk helsevern vaksne var på 37 dagar, som er ein dag betre enn gjennomsnittet hittil pr. juli på 38 dagar, og innanfor det regionale målkravet på 40 dagar. Ventetider for psykisk helsevern for barn og unge var i april på 50 dagar, som er vesentleg høgare enn målkravet på 35 dagar. Ventetider for tverrfagleg spesialisert rusbehandling låg i juli på 28 dagar, som er innafør målkravet på 30 dagar.

Prosentdel fristbrot er framleis høg på 5,1%. Det er stor variasjon mellom føretaka og nær 99% av fristbrot er innanfor somatikk.

Resultatet pr. juli viser eit positivt avvik i forhold til budsjett. Årsresultatet til føretaksgruppa er forventa å bli om lag som budsjettet, med unnatak av budsjettavviket som knytte seg til Covid-19-løyvinga frå 2020.

Styret ønskja ein orientering om korleis helseføretaka tek i bruk avansert oppgåveplanlegging. Styret vil få ei styresak om dette i november.

Styret ønska og ein orientering om kva tiltak som blir sett i verk for å få ned ventetida på BUP og samhandling med kommunane om auka satsing på psykisk helsevern for barn og unge.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2021 til etterretning.

Sak 066/21 Tertialrapportering til styret i Helse Vest - Formål, format og innhald

Oppsummering

Det blei i denne saka lagt fram forslag til formål, format og innhald i tertialrapportering til styret i Helse Vest. Styret blei invitert til å komme med innspel til forslaget. Første tertialrapport skal leggest fram i styremøtet den 30. september 2021, og vil fungere som ein pilot på om rapporten tilfredsstiller formål og forventningar frå styret.

Styret hadde følgjande innspel til tertialrapporten:

- Målet med rapporten må vere å få betre og meir oversiktleg rapportering så styret kan få eit oversiktsbilete av situasjonen. Dette må ikkje føre til meir rapportering, men meir effektiv rapportering.
- Styret ønskja eit nytt punkt 9 om kvalitet og pasienttryggleik, med ein kortfatta gjennomgang av dei kvalitetsindikatorane Helse Vest har gode resultat på og dei indikatorane det må arbeidast vidare med for å forbetre resultata (gjerne dei 5 beste og dei 5 svakaste resultata).

- Til punkt 7 om oppfølging av riksrevisjonsrapportar ønskja styret også oppfølging av rapportar frå Sivilombodsmannen. Når det gjeld rapportar frå internrevisjonen, ønskja styret eigne saker som no.
- Til punkt 1 om 5 på topp risiko, ønskja styret tydeleg fokus på KPI-ar.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest tok saka om *Tertialrapportering til styret i Helse Vest – Formål, format og innhald* til orientering med styret sine innspel og kommentarar i møte.

Sak 067/21 Status for inter-regionale IKT-prosjekt, felles nasjonale IKT-løysingar og forholdet til felles kommunal journal

Oppsummering

I Meld. St. 7 (2019–2020) «Nasjonal helse- og sykehusplan 2020–2023» har regjeringa satt tydelege mål for digitalisering dei neste fire åra. I meldinga vert det presisert at målet nedfelt i Meld. St. nr. 9 (2012-2013) «Én innbygger – én journal» ligg fast.

Realisering av arbeidet med «Én innbygger - én journal» er delt opp i fire overordna tiltak:

1. Helseplattformen (innføring av EPIC for både spesialist- og primærhelseteneste i Midt-Norge),
2. Samordna utvikling av dei andre helseregionane sine journalløysingar (i Helse Vest omfattar dette innføring av DIPS Arena, Meona, Imatis, Sectra, mm.),
3. Felles kommunal journalløysing utanfor helseregionen Midt-Norge (vidareføring av prosjektet som tidlegare heitte Aksjon journal),
4. Vidareutvikling og styrking av dei nasjonale IKT-løysingane for samhandling (E-resept, Kjernejournal, helsenorge.no, HelseID, mm).

Styret er i ulike saker orientert om status for arbeidet med tiltak 2 i føretaksgruppa Helse Vest.

Det er i denne saka fokusert på informasjon om arbeidet med tiltak 3 og 4 over. Det er og gitt ei kort orientering om tiltak 1, for å kunne inkludere dette i det overordna biletet.

Det er i tillegg gitt kort informasjon dei inter-regionale IKT-prosjekta som vert gjennomført i samarbeid mellom alle dei 4 regionale helseføretaka, dvs. felles prosjekt som utanom tiltak 1 og 2 over. For dei felles inter-regionale IKT-prosjekta som Helse Vest er hovudsamarbeidspart for, er det trekt fram forhold som styret bør vere kjent med.

Det er i saka gitt nokre heilt overordna vurderingar av korleis desse initiativa i sum vil kunne bidra til den vidare digitaliseringa av helse- og omsorgssektoren.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 068/21 Revidert nasjonalbudsjett 2021 – endring/tillegg i saka som vart behandla i juni-møtet

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 16.06.21 sak 052/21 Revidert nasjonalbudsjett 2021. Det blei i saka tatt atterhald for Stortinget sin behandling av Proposisjon 195 S 2020-2021.

Det blei i samband med stortingsbehandlinga tildelt ytterlegare midlar til spesialisthelsetenesta. I denne saka blir det lagt fram forslag til disponering og fordeling av dei aktuelle midla som er fordelt til regionane.

I tillegg blir det lagt fram forslag til endring i fordeling av øyremerkte midlar til kompensasjon for bortfall av aktivitetsbaserte inntekter som blei fordelt i sak 052/21 i junimøtet.

Vedtak (samrøystes)

1. Inntektene til helseføretaka blir med basis vedtatt revidert nasjonalbudsjett oppdatert til følgjande beløp i heile tusen kroner:

Endringar i inntektsramma for 2021 - RNB (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsfordeling 2021 Konsemdsjett- sak 008/21 B	7 181 621	3 633 273	11 501 444	2 837 441	907 527	3 689 798	29 751 104
Reduksjon overslagsbevilgning ISF	-81 419	-32 348	-62 228	-19 612		-52 393	-248 000
Justeringar av inntektsramma:							
Endring pensjon	70 686	41 278	97 770	37 777		7 166	254 677
Underdekning pensjon i ramma - dekkes av reserven						-45 977	-45 977
Biotechnologiloven	1 091	609	1 566	397		-663	3 000
Vaksinering i helseføretakene	371	188	594	147			1 300
Tiltak innen barnehabilitering						5 300	5 300
Smittevernarbeid	1 000	500		500		-2 000	0
Psykisk helsevern voksne	4 590	2 269	5 809	1 304		5 000	18 972
Psykisk helsevern barn og unge	8 281	3 800	9 172	2 205		5 000	28 458
							0
Endring øremerka tilskot Kompensasjon for bortfall av aktivitetsbaserte inntekter	81 419	32 348	62 228	19 612		52 393	248 000
Biotechnologiloven	8 565	2 220	14 260	2 220		1 035	28 300
Sum endringar	94 583	50 864	129 172	44 550	0	-25 139	294 030
Oppdatert inntektsfordeling 2021 - RNB	7 276 204	3 684 137	11 630 616	2 881 991	907 527	3 664 659	30 045 134

Sak 069/21 Midlertid innføring og revurdering av nye metoder i Nye metoder for å tilrettelegge for innføring av persontilpasset medisin

Saka er felles for alle 4 helseregionar og er difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

De regionale helseforetakene fikk i 2020 i oppdrag å utrede og innføre ordninger for midlertidig innføring og revurdering av nye metoder for å tilrettelegge for innføring av persontilpasset medisin i tjenesten.

Rapporten «*Utrekning og implementering av ordninger for midlertidig innføring og revurdering av nye metoder i Nye metoder for å tilrettelegge for innføring av persontilpasset medisin i tjenesten*» legges i denne saken frem for styret. Rapporten er oversendt Helse- og omsorgsdepartementet innen fristen 1. juli 2021.

Vedtak (samrøystes)

Styret tar rapporten «*Utrekning og implementering av ordninger for midlertidig innføring og revurdering av nye metoder i Nye metoder for å tilrettelegge for innføring av persontilpasset medisin i tjenesten*» til orientering.

Sak 070/21 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 15. juni 2021

Oppsummering

Tysdag 15. juni 2021 kl. 09.30 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde i Helse- og omsorgsdepartementet lokalet sine i Teatergata 9 og på video.

Dagsorden:

Sak 1 Foretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Årleg melding 2020, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15

Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2020, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7

Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44

Sak 6 Endring i driftskredittramma for 2021

Sak 7 Oppfølging av vedtak frå Stortinget

Sak 8 Praksis ved sal av eigedom

Sak 9 Dimensjonering av lagre for legemiddel bygd opp under covid-19-pandemien

Sak 10 Tverrfaglege regionale seinfølgjeklinikkar etter covid-19

Sak 11 Endringar i løyvinga – psykisk helsevern

Sak 12 Endringar i løyvinga – klinisk behandlingforsknig

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tek protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF 15. juni 2020 til etterretning.

Sak 071/21 Tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2021

Oppsummering

Etter behandling av Prop. 195 S (2020-2021), jf. Innst. 600 S (2020-2021) har departementet sendt ut eit tilleggsdokument til oppdragsdokument 2021.

Tilleggsdokumentet er datert 24. juni 2021 og inneheld tillegg knytt til hovudmål 3, «Betre kvalitet og pasientssikkerheit»

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tar tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2021 til etterretning.

Sak 072/21 Rapport frå internrevisjon av Økonomistyring i byggeprosjekt

Oppsummering

Formålet med internrevisjonen har vore å undersøkje om helseføretaka i Helse Vest på forsvarleg og tilfredsstillande vis vurderer og handterer økonomisk risiko i byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen, slik at prosjekta vert gjennomført i samsvar med dei gitte rammene, og evaluere kva læringspunkt ein kan hente til framtidige byggeprosjekt i Helse Vest.

Totalvurderinga er at helseføretaka i hovudsak følgjer opp økonomisk risiko i prosjekta på eit tilfredsstillande sett. Tilsvarande er det ikkje identifisert vesentlege manglar i Helse Vest RHF si økonomioppfølging av store byggeprosjekt. Det er gjort nokre observasjonar av område kor ein vurderer at oppfølginga av økonomisk risiko kan styrkast. Dette gjeld både på RHF-nivå og dei undersøkte prosjekta.

Revisjonen er gjennomført med bistand frå Deloitte.

Revisjonsutvalet behandla rapporten 15. juni 2021 og fatta følgjande samrøystes vedtak:

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten:

- Helse Vest RHF bør stille krav til at føretaka i store byggeprosjekt dokumenterer i samsvar med krav i «Fullmakter i utbyggingsprosjekt», styresak 040/18.
- Det bør i store byggeprosjekt bli utarbeidd og halde ved like skriftlege prosedyrar for dei oppgåver og kontrollar som blir gjennomført for å vurdere og handtere økonomisk usikkerheit. Prosedyrane bør bli godkjent på rett nivå.

- Det bør i store byggeprosjekt bli vurdert om det skal vere krav til oppdatering og bruk av usikkerheitsanalysar i gjennomføringsfasen av prosjekta, eventuelt ei grunngjeving for kvifor eit prosjekt vel å ikkje bruke slike analysar i økonomistyringa.
- Helse Vest RHF bør vurdere om det i større grad bør leggjast til rette for systematisk erfaringsoverføring mellom føretaka og prosjekta når det gjeld store byggeprosjekt.
- Helse Vest RHF bør vurdere om investeringsvedtaka skal innehalde både kostnadsramme og styringsramme, eventuelt stille krav om at helseføretak innanfor kostnadsramma tildeler ei styringsramme til prosjekta.
- Gitt høgt investeringsvolum og viktigheita av at prosjekt som er sett i verk blir gjennomført i samsvar med planar, bør Helse Vest RHF vurdere å nedfelle ein handlingsplan for eit scenario med vesentlege kostnadsoverskridingar i prosjekt med stor fagleg og omdømmemessig betydning.
- Helse Vest RHF bør vurdere om ein i si tilnærming til store byggeprosjekt i større grad bør ta inn konkrete krav til gevinstrealisering og OU-prosesser som ein del av investeringsvedtaka.

Utvalet ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaket sett i verk.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltaka som føretaka sett i verk.

Sak 073/21Kommentarar til rapport frå internrevisjon - Økonomistyring i byggeprosjekt

Oppsummering

Internrevisjonen har undersøkt om helseføretaka i Helse Vest på forsvarleg og tilfredsstillande vis vurderer og handterer økonomisk risiko i byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen. Administrerande direktør vil sette i gang eit arbeid der funna og tilrådingane frå internrevisjonsrapporten blir gjennomgått og vurdert. Arbeidet vil bli gjort i saman med helseføretaka. Resultatet frå dette arbeidet vil bli lagt fram for styret. Det vil også bli vurdert om det er behov for å gjere tilpassingar og endringar i prosedyren for beslutning og gjennomføring av investeringsprosjekt og dei krav som blei etablerte i styresak 040/18.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til administrasjonen sitt forslag til oppfølging av internrevisjonen sin undersøking av økonomistyring i byggeprosjekt.

Sak 074/21 Protokollar frå møte i revisjonsutvalet 16.02.2021 og 20.04.2021**Oppsummering**

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 16.02.2021 og 20.04.2021.

Styret vert orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Desse protokollane vart godkjent av utvalet 20. april 2021 og 15. juni 2021.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollane frå møte i revisjonsutvalet 16.02.2021 og 20.04.2021 til orientering.

Sak 075/21 Val av styremedlemmer til styra i helseføretaka – oppnemning av arbeidsutval, prosess og føringar for val av styre**Oppsummering**

Det skal veljast nye styre i helseføretaka i Helse Vest i februar 2022. Det er dei eigaroppnemnde representantane som skal oppnemnast i denne omgang.

Helseføretaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemdar i samfunnet vårt. Det er viktig at dei eigaroppnemnde styremedlemmene i helseføretaka har kompetanse som kan reflektere oppgåvene i styret og utfordringane helseføretaka har. Det er vidare viktig at det blir gjennomført ein grundig og god prosess fram mot oppnemning av styra.

Formålet med denne saka er å:

- gjere framlegg om at styret oppnemnar eit arbeidsutval for å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i HF-styra
- gjere greie for korleis prosessen fram til val av nye styre skal vere
- klargjere dei føringane og momenta som skal leggjast til grunn ved valet av styremedlemmer

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF oppnemnar følgjande personar til å utgjere arbeidsutval med oppgåve å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i styra i underliggjande

helseføretak:

Einar Strømsvåg, leiar

Olin Johanne Henden

Ingeborg Morken

Marie Skontorp

2. Arbeidsutvalet blir oppnemnd for ein periode på 2 år.
3. Styret sluttar seg til at dei føringar og moment som går fram av saka blir lagt til grunn ved samansetting av nye styre i helseføretaka
4. Forslag frå arbeidsutvalet blir lagt fram for behandling i styret i februar 2022.

Sak 076/21 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Leiar av regionalt brukarutval oppsummerte frå sist møte i brukarutvalet og orienterte om planlegging av felles seminar for alle brukarutval i regionen på Flesland i oktober. Neste møte i Regionalt brukarutval blir eit fysisk møte, etter over eit år med berre digitale møte.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 077/21 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 – Brev frå Koronakommisjonen 29.06.2021 – Innhenting av dokumentasjon om sengekapasitet og intensivberedskap i helseføretaka
- Skriv 02 – Brev frå Koronakommisjonen 09.08.2021 – Invitasjon til møte om dokumentasjon i samband med sengekapasitet og intensivberedskap i helseføretaka
- Skriv 03 – Brev frå Vest politidistrikt 02.07.2021 – Samlokalisering av nødmeldesentralene for helse, brann og politi i nytt politihus i Bergen
- Skriv 04 – Referat frå møte i Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest 14.04.2021
- Skriv 05 – Referat frå møte i Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest 19.05.2021
- Skriv 06 – Referat frå møte i Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest 16.06.2021

Vedtak (samrøystes)

Styret tek skriv og meldingar til orientering.

Ref. 01.09.2021 Torunn Nilsen

Oppdatert 26.10.2021

Einar Strømsvåg	Styreleiar
-----------------	------------

Olin Johanne Henden	Nestleiar
---------------------	-----------

Ingeborg Morken	Medlem
-----------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Sigurd Hille	Medlem
--------------	--------

Pernille Lysaker	Medlem
------------------	--------

Egil Olsen	Medlem
------------	--------

Wenche Kristin Røkenes	Medlem
---------------------------	--------

Marie Skontorp	Medlem
----------------	--------